


Fylkesstyremøte Vestland – 2023

Onsdag 3.5. kl.09:00 – 15:00

Sakskart for møtet i Bergen




Anette Menes

Nominert: 2023
Kategori: Musikk
Sted: Sogndal



Vanja Bjelland Hestenes

Nominert: 2023
Kategori: Skapende skriving
Sted: Bømlo



Ingrid Tykhelle Kayser

Nominert: 2023
Kategori: Teater
Sted: Stad



Shelmith Øseth

Nominert: 2023
Kategori: Dans
Sted: Bergen



Brita Angeltveit

Nominert: 2023
Kategori: Teater
Sted: Stord

DRØMMESTIPENDVINNARANE FRÅ VESTLAND 2023

Sakskart til fylkesstyret sitt styremøte 3.5.23:

2023.01 Godkjenning av innkalling og sakskart	3
2023.02 Referatsaker	5
Økonomirapport 1. kvartal	5
Rådgjevar sin rapport	6
Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte	7
2023.03 Styrearbeid	8
2023.04 Politisk arbeid	9
2023.05 Utviklingsområda	10
2023.06 Orienteringar	11
2022.07 Eventuelt	12

2023.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

Saksdokument: Sakskart på side 2
Innkalling på side 4

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakskart godkjennast.

Saksutgreiing:

Innkallinga og sakskartet er utsendt i samsvar med vedtektene og møteplanen.

Frå fylkestyret møter:

styreleiar Kjetil Høgseth Felde
nestleiar Grete Berntzen
styremedlem Trude Skarvatun
styremedlem Øystein Røsseland Kvinge
styremedlem Kåre Martin Kleppe

Frå administrasjonen møter:

rådgjevar Kristin Geiring

Fylkesstyret:

leiar	Kjetil Høgseth felde
nestleiar	Grete Berntzen
styremedlem	Trude Skarvatun
styremedlem	Øystein Røsseland Kvinge
styremedlem	Kåre Martin Kleppe
varamedlem 1	Kirill Zimin
varamedlem 2	Ingeborg Opdal Tysnes

Administrasjonen:

rådgjevar Kristin Geiring

Innkalling til fylkesstyremøte i Vestland, nr. 2 – 2023 den 3.5.23 kl. 09:00-15:00.

Arrangement	Dato/tid	Stad
Fylkesstyremøte 1 – 2023	3.5 / 09:00-15:00	Vestland – stad kjem

Innkallinga er i samsvar med vedteken møteplan.

Sakskartet vert utsendt fjorten dagar før. Forfall vert å melde til underteikna snarast mogeleg.

Fylkesstyret si nettside finn du [her](#). Der finn du bl.a. oppdatert møteplan og styreinstruks.

Vel møtt!

Venleg helsing

Kristin Geiring

rådgjevar, telefon: (+47) 41570508 / e-post: kristin.geiring@kulturskoleradet.no

2023.02 Referatsaker

- Saksdokument:**
1. Rekneskap 4. kvartal 2022 side 5.
 2. Rådgjevar sin rapport side 6-7.
 3. Styreleiar sin rapport frå siste hovudstyremøte side 7.

Sakshandsamar: Rådgjevar og styreleiar

Forslag til vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

Saksutgreiing:

Økonomirapport 1. kvartal

NOK	Perioden, Januar - Desember		
	2023	2022	Avvik
Prosjekt 112 Norsk Kulturskoleråd Hele 2023			
	Organisasjonsnr.: 875627422 Utskriftsdato: 18.04.2023		
			Endring
Salgsinntekter		610 184	- 610 184
Andre inntekter			
Sum driftsinntekter		610 184	- 610 184
Bruttofortjeneste		610 184	- 610 184
Lønnskostnad	13 342	29 513	- 16 172 -54,8%
Arbeidsgiveravg. og pensjonsk.	1 881	4 161	- 2 280 -54,8%
Andre personalkostnader			
Sum personalkostnader	15 223	33 675	- 18 452 -54,8%
Kostnader lokaler		59 792	- 59 792
Leie maskiner, inventar o.l.		18 400	- 18 400
Kostnadsførte anskaffelser		1 581	- 1 581
Fremmede tjenester		99 239	- 99 239
Kontorkostnad	845	5 930	- 5 085 -85,8%
Telefon, porto o.l.	848	2 786	- 1 938 -69,6%
Kostnad og godtgjørelse for reiser	11 536	430 506	- 418 970 -97,3%
Kontingenter og gaver		5 311	- 5 311
Annen kostnad		357 012	- 357 012
Tap og lignende			
Sum driftskostnader	13 229	980 557	- 967 328 -98,7%
Driftsresultat	- 28 452	- 404 048	375 596 93,0%
Finansinntekter			
Finanskostnader			
Sum finans			
Resultat før skatt	- 28 452	- 404 048	375 596 93,0%
Årsresultat	- 28 452	- 404 048	375 596 93,0%

Merknad:

Begrepet «salgsinntekter» er fast i rekneskapssystemet Kulturskolerådet nytter, som vert levert av Visma. Under salgsinntekter ligg driftstilskudd til fylkesavdelinga motteke frå Norsk kulturskoleråd, tilskudd motteke frå kommunar og fylket i Vestland til arrangement i fylket for born og unge og eventuelle deltakerkontingenter frå konferansar, seminar og leiarsamlingar. Arrangement, konferansar, seminar og leiarsamlingar er budsjettert i balanse og vert gjerne og subsidiert av fylkesavdelinga.

Rådgevar sin rapport

Møter administrativt

Nettverksarbeid

- 1. Hovudstyremøte 02-2022** var lagt til Bergen. Dagen før styremøtet var det styreseminar. Bergen kommune ved politisk og administrativ leiing innan kultur og skule og kulturskulen var invitert i høve modellen for Kulturkarusell og samhandling mellom SFO og kulturskulen. Frå kommunen tok kulturskulen del med rektor, leiar for Kulturkarusell og ein lærar. Nordiske representantars leiing nasjonalt frå Danmark og Sverige var invitert for erfaringsdeling i høve arbeid med skuleslaget.
- 2. Hardangerregionen sine kulturskuler** Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik, Voss hadde planleggingsdagar for kollegiene. Rådgevar var tilstede for å ivareta oppstart av kulturskulane sitt initiativ om å arbeide med tema motivasjon.
- 3. UDIR, KS og Norsk kulturskoleråd** inviterer til «[Nasjonalt dialogseminar](#)» Digitalt og fysisk møte i fylka vert det torsdag 27.4. Det vert sett fokus på gode samarbeid mellom skule og kulturskule. Rådgevar har førespurd Sunnfjord kulturskule og Bergen kulturskule om å vere vertskap for noder. Per no er påmeldinga slik, at me held på Førde og avlyser Bergen. Administrativ leiing i kommune, skule og kulturskule er målgruppa. Sunnfjord er invitert til å ha innlegg om prosjektet «Frode laks», som vart resultat av deltaking i piloten «Fremtidens kulturskule». Bergen presenterer Kulturkarusellen, som er tilbod i tett samhandling med SFO.
- 4. kulVFL** – kulturskulebasert vurdering for læring, er eit gratis digitalt program for kulturskulekollegiet arrangert av Norsk kulturskoleråd i samarbeid med Høgskolen Innlandet. [Søknadsfrist for 2023-2024 er 28. april](#). Dette er etterspurd av medlemmene, men det er per no få kulturskular som har teke del. Programmet har fått sær gode skussmål frå personalet i kulturskulane som har teke del.
- 5. KS Vestland** ved seniorrådgevar for oppvekst og rådgevar har fastsett møter i høve samarbeid om årsmøtekonferansen 16.-17. november 2023 i Bergen. Neste møte er 28. april.
- 6. Vestland fylkeskommune** har invitert rådgevar til møter i høve vedteken [Regional plan for kultur](#). Fokus for møta er handlingsplan og innspel til tiltak for kunst og kunstformidling. Grunna anna arbeid for rådgevar, representerer styremedlem Trude Skarvatun i møtet 22. mai. Fylkeskommunen er invitert til å halde eit innlegg på styremøtet 3. mai, for å orientere om møta og handlingsplan innan området kunst og kunstformidling.
- 7. De unges festspilldag 2023** har for fyrste gong sidan pandemien invitert til «Åpen scene» den 30. mai i Bergen på Torgallmenningen. Påmelding til det og til uttak i høve «De unges festspillforestilling» i [Griegghallen, Peer Gyntsalen, 26. mai kl.18.00](#) er utsend til kulturskulane i Vestland. I prosjektgruppa tek Bergen dansesenter, Bergen kulturskole, Øygarden kulturskule, Askøy kulturskole og Austevoll kulturskule. Prosjektleiari har søkt støtte frå Vestland fylkeskommune og kommunane i Vestland. Prosjektet er i samarbeid med Festspillene i Bergen.

Politisk arbeid

- 1. Vestland fylkeskommune** har fått skriv frå Norsk kulturskoleråd og frå fylkesavdelinga med invitasjon til medlemskap. Det er gitt informasjon om at saka er sett opp til hovedutvalsmøte. Fylkesstyret og rådgevar føl opp saka.

Styrearbeid

1. **Arbeidsutvalet (AU)** i Norsk kulturskoleråd Vestland, repr. ved styreleiar og rådgjevar, hadde møte 02 - 2023 den 17. april. Nestleiar meldte forfall.

Utviklingsområder

1. **Kulturskule for alle – mangfald og inkludering**

Mangfald er eitt av utviklingsområda vedteken på årsmøtet i Norsk kulturskoleråd Vestland 2021. I samarbeid med fylkesavdelinga i Oslo og Viken og arbeidsgruppa for mangfald og inkludering i Norsk kulturskoleråd, vert det hausten 2023 oppstart av program med fire fysiske samlinger i Oslo innan mangfaldssertifisering for kulturskuleleiarar og eigarar. Det vert i programmet samarbeidd med [SEEMA](#). Kulturskolerådet arrangerer et webinar for de som ønsker mer informasjon om programmet. Her vil Loveleen Brenna fra Seema delta. Webinaret finner sted 2. mai kl. 09:00 – 10:00. [Lenke til webinar](#).

2. **Digitalitet**

Høgskulen på Vestlandet (HVL), Institutt for kunstfag, har søkt HK-DIR, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse om midlar til oppstart av eit fagtilbod som er spissa mot musikkteknologi i undervisning og til eiga musikalsk utvikling. Kulturskular i Vestland stør skriftleg søknaden til HVL ut ifrå kompetansebehov for lærarar innan faget.

[Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte](#)

På hovudstyremøte 1-2023 tok nyvald styreleiar del. Rapport vert lagt fram munnleg på grunnlag av sakskart og protokoll.

2023.03 Styrearbeid

Saksdokument: Lenker i saksutgreiing. Saksdokument utsend i e-post.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er inga forslag til vedtak.

Saksutgreiing:

1. Årsmøte torsdag 16. november og konferanse fredag 17. november 2023:
 - a. Orientering om stad, tidsramme og innhald for årsmøtet.
 - b. Utsending av kunngjering og innkalling.
 - c. Valkomiteens arbeid.
 - d. Valkomite årsmøteperioden 2023-2025.
 - e. Verv og oppgåver på årsmøtet.
 - f. Konferanse i samarbeid med KS Vestland.
 - g. Deltakarkontingent for Konferansen.
2. Representasjon
3. Budsjett 2024
4. Styret si eigenevaluering jf. styreinstruks 2022 vart utsett til første fysiske møte 02 – 2023.
Førebuing:
Dokument med spørsmål utsend med sakskart. Gjer eigne notat, som de tek me i møtet.

2023.04 Politisk arbeid

- Saksdokument:**
1. Hovudstyremøte 02-2023 - [møtedokumentarkiv](#)
 2. a. Skriv om invitasjon til medlemskap sjå e-post sendt 6.1 kl.13:19.
b. [Regional plan for kultur](#)
 3. [Nyhendesak og skriv om ny opplæringslov Følg saka](#)

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er inga forslag til vedtak.

Saksutgreiing:

Politisk arbeid vert sett i samanheng med Strategi 2032, Meld.St.18(2020-2021), vedtak frå årsmøte, landsting og hovudstyre og utviklingsplan for utviklingsområda.

1. Hovudstyremøte 02 – 2023 5. mai
Sakskart kjem 14 dagar før 5. mai. Førebuing for styret: les sakskart og noter moment for drøfting.
2. Vestland fylkeskommune:
a. Invitasjon til medlemskap
b. Regional plan for kultur
Førebuing for styret: Les vedteken plan for området Kunst og kunstformidling og noter moment for drøfting sett i samanheng med Norsk kulturskoleråd sine styringsdokument og status i Vestland.
3. Ny opplæringslov
Førebuing for styret: Les nyhendesak med lenker til skriv og sjå status for saka. Høyring torsdag 20. april frå kl.09.00 på nett-TV: [program](#). Norsk kulturskoleråd kl.12:39-12:42.
4. KS Vestland ved fylkestyret og kommunedirektørutvalget har møte onsdag 24. mai i Oslo. Norsk kulturskoleråd Vestland er invitert med innlegg 20 min. i tidsrommet om lag 9:30 - 11:00 i Oslo. Fylkestyret drøfter kva tema me lyt prioritere i innlegget.
5. Kommune-og fylkestingsvalet

2023.05 Utviklingsområda

Saksdokument: Saksdokument vert lagt fram.

Sakshandsamarar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Fylkesstyret vedtek utviklingsplan 2021-2023 for vedtekne utviklingsområder på årsmøtet 2021 i Norsk kulturskoleråd Vestland:
Digitalitet
Fordjuping
Kulturskule for alle – mangfald og inkludering
Nettverk for kulturskuletilsette

Saksutgreiing:

Utviklingsområda er fast sak på styremøtene.
Utviklingsplan for styreperioden vert vedteken på grunnlag av:
Prosess på utviklingsplan for utviklingsområda i fylkesstyret og innspel frå medlemmane.
Innspel frå Leiarsamlinga og Kunstfagkonferansen hausten 2022.
Fylkesstyret drøfter korleis nyleg vedteken «Regional plan for kultur» får relevans for utviklingsplanen.

2023.06 Orienteringar

Saksdokument: Inga saker.

Sakshandsamar(ar) Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Saksutgreiing:

Det er inga innmelde saker til orientering.

Fylkesstyret vert oppmoda til å legge fram orienteringer i møtet.

2022.07 Eventuelt

Saksdokument:

Sakshandsamar Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er inga innmelde saker til eventuelt.